

# Tips oss når det skjer noko!

REDAKSJON:

EKSPEDISJON:

MARKNADSAVD.:

Tlf. 57 86  
87 94  
Mob.  
950 32 501  
atle@firdatidend.no

**Firda Tidend**
[www.firdatidend.no](http://www.firdatidend.no)

„ Vi byggjer det gode i  
oss når vi gjer det  
gode omkring oss.

Arne Garborg

# Kjem på temadagen til Breim Bygdeutviklingslag

Landets yngste bedriftsleiar, Robert Moldestad, kjem til temadagen i Breimshallen. Det gjer også informasjonssjef i Sogn og Fjordane Teater, Leila Øvreseth.

F.T.: Jan Nik. Hansen

Breim Bygdeutviklingslag arrangerer temadag under tittelen "Breimsbygda inn i framtida - trivsel og næring" førstkomande laurdag. Føremålet med temadagen er å setje framtida til Breim på dagsorden.

– Vi ser at bygda er i endring. Folketalet går ned og landbruksel er i omstilling. Vi må sjå inn i framtida og prøve å snu utviklinga, seier leiar i Breim Bygdeutviklingslag, Reidar Felde.

## Kjem

Utviklingslaget har invitert fleire gjester til temadagen. Ein av dei er landets yngste bedriftsleiar, Robert Moldestad (snart 7 år). Han vart dagleg leiar i Teina Hønseri i fjor. Det gav Robert kjendis-status, ikkje berre her til lands. Han var både på Vestlandsrevyen, Dagsrevyen og i fleire aviser. Han fekk også medieoppslag i USA der entreprenørskap-ideens far, Paul De Largy, skreiv om Robert på heimsvida si.

– Det vart litt mykje mas til slutt, innrømmer Robert som i mellomtida er slutta i jobben som dagleg leiar og går i første klasse på Byrkjelo skule. No er han villig til å stige fram att i det offentlege rommet for ei god sak og let seg "bruke" til å marknadsføre temadagen om framtida til Breimsbygda. Robert er neste generasjon breimning og avhengig av ei positiv utvikling. Han utfordrar både bedriftsleiarar og andre til å kome.



Informasjonssjef ved Sogn og Fjordane Teater, Leila Øvreseth, kjem på temadagen om framtida til Breimsbygda. Der kjem også Robert Moldestad som var landets yngste bedriftsleiar.

## Flytta tilbake

Leila Øvreseth flytta frå Sogn og Fjordane i 1992 for å gå på skule. Ho har budd både i England, Nederland, Tyskland og i Sverige før ho slo seg ned i Oslo. Men no er ho kome tilbake til heimfylket.

– Det tok eitt og eit halvt år frå eg tok til å tenke på flytting til eg fekk ein høveleg jobb, for det er punkt ein. Du må ha ein jobb å kome til, seier Leila. Ho har utdanning innan marknadsføring, informasjon og reiseliv på høgskulenivå.

– Det største problemet er at det er få jobbar tilgjengelege. Når ein så opplever ikkje å verte kalla inn til intervju, seier det seg sjølv at det kan ta ei god stund før ein får jobb, seier Leila. Ho trur grunnen er at personar som

flytta ut for å utdanne seg, ikkje opparbeider seg noko nettverk på heimstaden.

– Oppmodinga mi til bedriftena er at dei kallar inn kvalifiserte sökjarar utanfrå til jobbintervjø sjølv om kandidaten er ukjend. I eit fylke som sliit med fråflytting er det spesielt viktig å la potensielle tilbakeflyttarar få høye til dette, seier Leila.

## Kreative

Ho har også mange tankar om kva som er viktig for å trivast og finne seg til rette når ein er kommen heim. Ho vedgår at innflytтарar utan nettverk der dei kjem, er i ein vanskelegare situasjon enn personar som flytter heim att og kan ta opp att nettverket dei reiste frå. Då gjeld det at lokalsamfunnet engasjerer seg.

– Eg tykkjer det er fint at Breim Bygdeutviklingslag arrangerer eit slikt møte, seier Leila som bur i Førde, men gjerne kan tenke seg å bu i Breim dersom det skulle bli aktuelt.

– Vi håpar temadagen vil setje fart i tankar og kreativitet. Vi breimmingar er impulsive, berre vi får tenkt oss litt om, smiler styremedlem i Utviklingslaget, Reidar Moldestad.

Hovudinnleiar på temadagen vert den såkalla humørbonden Geir Styve frå Hordaland. I tillegg vert det også temainnlegg ved dagleg leiar i Eurofoto, Rolf Kjetil Egge og banksjef i Sparebanken Sogn og Fjordane si avdeling på Sandane, Anders Skipenes.

## Pellets ikke lenger billeg

Prisane på pellets har auka med over 10 prosent dei siste fire månadene. Sidan september har dei som har kjøpt pelletsommar fått inn til 4000 kroner i tilskot frå Statens. - Det er difor uheldig at produsentane av生物brenselet pellets set opp prisane, seier leiar i Energi- og miljøkomiteen på Stortinget, Gunnar Kvassheim til NRK Sogn og Fjordane.

## Sett&Høyrt

## Krav om vest i bilen

Frå 1. mars 2007 blir det påbode med refleksvest i bilene. Minst ein vest må det vere, skriv Sogn Avis. Og det du må hugse på, er at vesten må ligge inne i bilen og ikkje i bagasjerommet. Det skal vere mogeleg for føraren å nå vesten frå førersetet. Det betyr at vesten helst bør plasserast i romma som måtte vere rundt rattstammen.


## Fem band klare til Malakoff

Amulet, Rockettothesky, The Lionheart Brothers, Desperado og Waste er klare til Malakoff Rockfestival 3. og 4. august 2007, melder Fjordabladet. Festivalen har femårsjubileum, det vert markert med utvida arrangement, fleire band og internasjonale artistar på plakaten.

## Freistar med draume-husvære

Dei skaffa draumetomt og presenterte eit forslag om å etablere eit bustadkompleks i havgapet ved Rognaldsvåg sentrum. Eit mønsterfirma vil satse, og no søker bygda etter interessente som vil busette seg. Friskt blod er viktig for eit øysamfunn som Rognaldsvåg. Det vere seg feriefolk som nyttar øya i ferie og fritid eller fastbuande, skriv Firdaposten.

**H  
Å  
R  
E  
K**



©2004 ©KFS/Distr.Bulls